



www.voss.kyrkja.no

Nr 1 | 2021 | 80. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Ulegudstenester jolaftan

Jolaftan 2020 vart annleis.
Les meir på **side 4-5**.

Ein redaktør takkar av

Etter 20 år har Arne
Mosefinn no levert sitt siste
nummer av Kyrkjennytt. Les
meir på **side 7**.

T-sidene

Kva skal den nye maskoten
til trusopplæringa heite?
Kjekke sider for born og
unge på **sidene 11-14**.

DE HISTORISKE

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP
T: 56 52 05 00

Asla, Fredrik, Signe og Marie Fleischer

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER

FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjennytt:

Kyrkjennytt vert utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellestråd saman med Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin sokneråd.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag 7300 eksemplar

Kyrkjennytt for Vossabygdene vert gjeve ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

Kyrkjekontoret på Voss:

Grunna korona-pandemien held Kyrkjekontoret for tida stengt for besøkande. Me er likevel tilgjengelege både på telefon og e-post. Telefonen er open alle kvardagar mellom 09:00 og 15:00. Me håper å kunne halde kontoret oppe att snart!

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5
Postadresse: Voss kyrkjelege fellestråd, PB 49, 5701 Voss.
Telefontid måndag-fredag 9-15.
Telefon 56 52 38 80.
www.voss.kyrkja.no
E-post: post.voss@kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293

Voss kyrkjelege fellestråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse
tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme
tlf 922 45 274. E-post: vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeiar Åshild Bø Kharazmi
tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik
tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala
tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø
tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang
tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik
tlf 952 62 084. E-post fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung
tlf 980 64 594. E-post eg395@kyrkja.no

Kyrkjjetenar på Bolstad Anny Forthun
tlf 481 36 520

Kyrkjjetenar på Evanger Orlaug Styve
tlf 901 12 538

Kyrkjjetenar på Voss Thomas Velsvik
tlf 414 75 383

Kyrkjjetenar på Oppheim og Vinje Kjell Kr. Øyre
tlf 91 54 19 75

Gravar Vidar Bryn
tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjennytt Randi Kløve
tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen, Lene Brunborg og Randi Kløve

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Anders Hove
tlf 414 68 493. E-post ah657@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin Magnar Haaland
tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Cato Torsvik
tlf 974 23 459. E-post rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik
tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson
tlf 90 25 81 61

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen, tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida: fotograf Aaron Burden, Unsplash.com.
S. 3 - Greg Rosenke, Unsplash.com

Neste nummer vert påskenummeret som kjem ut i veke 12. Frist for melding om stoff er torsdag 4. mars.



«Ta Jesus-testen!»

Andakt av John Ove Thaulle

Når eg vart utfordra til å skriva ein andakt til kyrkjelydsbladet, byrja tankane å sviva: Kva vil vera det viktigaste eg hadde på hjarta å nå ut med? Kva er det aller viktigaste som eg sjølv byggjer livet mitt på? Og er dette noko som er like avgjerande gjeldande for alle menneske, altså også for deg som les dette? Difor ei utfordrande overskrift som eg skal koma attende til. Og difor treng eg ei heil side i kyrkjelydsbladet. Vonar du vert med vidare.

Eg ynskjer, så langt eg kan, å byggja livet mitt på det som er sant. Er det også ditt ynskje? Er sanning for deg viktig for å få avklara dei aller største spørsmål i livet?: -Er det sant at Gud finns? -At han er meir enn ein gud som har skapt verda og oss? -At han elsker oss og ynskjer å stå i kontakt med oss i livet og etter døden?

Då reiser det seg straks motforestillingar: Går det an å vita sikkert og sant om slike ting? Er ikkje slike spørsmål umogleg å vita sikkert om? Vert det ikkje slik at «enhver blir salig i sin tro»? Ergo at alle religionar og livssyn er like sanne?

Bibelen utfordrar oss frå ein heilt annan innfallsvinkel: Den fullkomne sanninga er knytta til guddomen. Eit avgjerande utgangspunkt er då: Bibelen fortel at Jesus kom frå Guds verden til vår verden for i sin kjærleik å GJE OSS SANNINGA om livet her og livet etter døden. Jesus som ein del av Den treeinige Gud står i så fall for det som er sant.

Alternativet er at Jesus var berre eit menneske, om enn eit spesielt menneske, men i så fall verdshistorias største løgnar og bløffmakar. Finns det i det heile tatt eksempel på at Jesus er tatt i løgn? Kvar av oss står overfor eit val: Lar me Jesus stå for sanning eller løgn? Me skal ikkje som Pilatus, bagatellisera sanninga med å vaska hendene med orda «Kva er sanning?». Framfor Pilatus stod han som sa «Eg er vegen, sanninga og livet» (Jh.14,6). Det som er sant er personifisert i Jesus, kva han sa, gjorde og stod for, alt gjennomsyra av kjærleik til oss. Jesus er anten å stola på eller å forkasta som plattform for liv og æva. Så viktig, så avgjerande.

Sitatet i overskrifta sit brent fast i meg frå siste året av presteutdanninga. Me skulle ut som prestar. Kva skulle vera den viktigaste testen på at det me forkynte, var det oppdraget me var sette til? Jau, «Ta Jesus-testen!»: Me skulle ikkje forkynna oss sjølve, kva me trudde eller meinte. Vår oppgåve var å forkynna Bibelens Jesus, kva Han sa, kva Han betydde. For Han, som var og er ein del av den Treeinige Gud, stod og står for det som er sanninga.

Men denne testen er ikkje berre ein sjølvransakande test for forkynnalar. Den er også ein viktig test for tilhøyrarar om at det som vert forkynt, er kristen forkynning. Filmskapar Randi Førund skreiv eit lesarinnlegg i Bergens Tidende for to år sidan med denne overskrifta: »Skammar prestane seg over evangeliet?». Ho etterlyste tydeleg tale om «den levande Jesus». «-kor mange stader i Bibelen syner ikkje til oppstoda, Jesu tilbakekomst og verda som kjem? Er ikkje dette poenget med kristentrua?», skriv ho. Kristen forkynning skal prøvast på «Jesus-testen». Å tala om Gud kan mange religionar gjera. Kristen forkynning handlar om Jesus og at vår evige frelse er avhengig av han.

Og då er eg komen til den siste bruk av «Jesus-testen». Den gjeld oss alle. Det er testen på di og mi tru. Kva og kven stolar me på når det gjeld kva som er sant i livets mest avgjerande spørsmål? Kristen tru er ikkje eit system av læresetningar og tankar som me studerar og godtar. Kristen tru er å stola på Jesus og sanninga han forkynner. Den beste plattform for liv og æva er å tru på Jesus. Hans mange løfte kan spissast i ein setning, sagt i kjærleik til oss:

«Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr» (Joh.11,25).

Førjolskonsert på Vossestrand

av Ellen Marie Selland Geithung

Tradisjonen tru var det førjolskonsert i Vinje kyrkje søndag 6.desember. Berre nokre dagar før krav om større avstand kom ved allsong, klarde me likevel å få inn 50 publikumarar, som var maks besøkjande på denne tida. Å endeleg skulle få sitje i kyrkja med senka skuldrer og få nyte fin musikk, var etterlengta.

Vossestrand barnekor opna konserten med «Selmas song» frå NRKs jolekalender «Snøfall». Hardingfele -og toradergruppa heldt fram med «Perlo» av Rannveig Djønne. Astrid Herheim er elev i Voss kulturskule, og ho spelte ein fin fløytesolo.

Blandakoret Strendingen med dirigent Gudmund Furu, stilte trufast opp, og dei framførde stødig og indarleg både «Open himmel» av John Ove Thaulé, og velkjende «Stille natt». Sigrid Sleen Herheim og Siri Nordgård spelte ein flott springar saman på torader, før Siri gjekk saman med Margunn Blikberg Nordgård og Maria Arnetveit Jordalen og spelte ein frisk pols.

Ingeborg Haga si fine røyst fekk me høyra då ho



framførte «Vi tenner våre lykter».

I tillegg til alle innslaga var det allsong. Sokneprest Cato Torsvik heldt andakt, og Per Helleve las Joleevangeliet i bolkar i mellom innslaga.

Trioen Ingeborg Sleen Herheim og systrene Kristin og Synnøve Gustavsen Giljarhus med song og torader, framførte vakkert «Jol i mi song». Siste innslag var «Falle til ro» av Eva Weel Skram, som vart nydeleg framført av Ingeborg og Synnøve på vokal, Anve Herheim på piano og Håkon Selland Geithung på kontrabass.

Det vart ei fin stund i kyrkja denne desemberkvelden.

På bilete 1 m fele/torader.

Frå venstre: Maria Arnetveit Jordalen, Kristin Gustavsen Giljarhus, Magnus Dahle Pedersen, Margunn Blikberg Nordgård, Siri Nordgård.

Bilete 2:

Frå venstre: Anna Selland Geithung, Lina Dolve, Hedda Nybø Berland, Sigrid Nybø Berland, Linn Sofie Rødne Hole. (i bakgrunnen Margunn Blikberg Nordgård og Siri Nordgård)

Fotograf: Cato Torsvik.



Utescena på Prestegardslandet på Voss.

Utegudstenester jolaftan på Evanger og Bolstad

av Gunn Horvei

På Evanger og Bolstad var det gudstenester utandørs på jolafta. Bolstad var fyrst ute og dei 60 frammøtte vart registrerte i porten og fekk med seg ein kopp varm gløgg. Veret var bra og bedehuset var fint pynta blant anna med eit flott lysande hjarta på veggen. Prost Arild Hellesøy fortalde om Jesus fødsel og June Mykkeltvedt las jole evangeliet. Frode Vik var organist og Kaia og Selma Bolstad deltok med fin song. Det vart ei fin og høgtidssam oppleving. På Evanger føregjekk gudstenesta i gato. Eit fint pynta "alter" stod ved sida av bautaen saman med joletræet,

Evanger musikklag skapte stemning med nydeleg musikk. Det var omlag 90 frammøtte på Evanger. Gudstenesta vart avslutta med at alle song "Fager er jordi" og med ynskje om ei god og fredeleg jol og eit godt nyttår i vente. Dette vart ein jolaftan me på Bolstad og Evanger vil minnast!

Fotograf: Thomas Bjørge



Utanfor Bolstad Bedehus.



I gato på Evanger.

Utegudstenester jolaftan på Voss

av Anders Hove

Slik som gjetarane på marka fekk me på Voss høyre den glade budskapet, joleevangeliet i år på prestegardslandet. Det vart ei jol då mykje vart annleis.. Me valde å ha utegudsteneste på Voss, Vinje og Evanger og Bolstad. Dette av omsyn til smittevern, og for å kunne invitere så mange som råd til gudsteneste.

Det var ei annleis oppleving, men ei kjekk oppleving. Det viste seg at Nain også hadde tenkt å ha arrangement på prestegardslandet, då tenkte me at me kunne stå saman om joleevangeliet i år på Voss. Det var fleire musikalske bidragsytarar på dei forskjellige gudstenestene rundt om, av forsongarar og blåsarar, som var med å løfte salmesongen.

Alle som kom på dei forskjellige gudstenestene fekk seg nok ei jolaftan dei seint vil gløyme, og det vart fine stunder under open himmel. Og slik kjem jolebudskapet om Gud som blir menneske, og open himmel for oss kanskje enno nærare enn det hadde gjort til vanleg.

Me håpar me kan feire jolaftan i Vangskyrkja att i år, men kanskje skal vi gjere igjen? Kanskje skal me møte evangeliet slik som gjetarane på marka oftare, under open himmel. Takk til alle frivillige og andre bidragsytarar som var med rundt om i Heradet og gjorde dette til trygge og gode opplevingar, og takk til alle de som kom.

Fotograf: Vetle Leksbø



Julaften 2020 på Stronde

av Cato Torsvik

Det var en annerledes julaften i kyrkja dette året. Det har vært mye som har vært annerledes i 2020, og vi som kyrkje har måtte tenke nytt og tilpasse oss den situasjonen vi står i. Det er både skummelt og gøy på samme tid å tenke nytt. Tenk om det ikke går som det skal. Tenk om jeg gjør feil eller ikke husker på alt som skal gjøres. Ja, det er skummelt det som vi ikke kjenner til.

Når sant skal sies, så var jeg ikke helt motivert for å tenke nytt rundt julaften. Alle disse restriksjonene, smittevern hensyn og alt dette nye gav meg ikke helt piffen til å sette i gang. Men sakte men sikkert fikk jeg julefølelsen. Konfirmantene sa de kunne være med å hjelpe til, foreldre stilte opp og før jeg visste ord av det, så hadde det meste ordnet seg. Utegudstjeneste på Seimsbanen på Vinje var en realitet. Og ikke minst. En gudstjeneste skapt i fellesskap med ungdom, voksne og de ansatte.

En annerledes gudstjeneste med mykje varme i vinterkulden. Scenen var en lastebil

med sideåpning som han Gilbakken hadde gitt oss lov til å bruke. Ellen Marie hadde med seg keyboard, lue og votter og hun hadde også invitert med seg tre jenter som sang og spilte for oss denne julaften. Ruth Thaulle hadde tatt seg litt fri fra middagslaging for å hjelpe til, Gudmund Furu hadde med seg trompeten og Agnete og Einar, sammen med flere konfirmantforeldre kokte gløgg for alle de som kom. Konfirmantene tok ansvar med å ta imot de fremmøtte, opp- og nedrigging og alt som måtte gjøres. Som prest var jeg denne julen pratesalig og nostalgisk, og preikte over hvordan

det var å feile jul som liten og hvordan julefeiringen er med å sette sine spor gjennom livene våre. Det hellige i livet er å bli elsket ubetinget, og hvor vi kan elske vår neste som Gud elsker oss.

En annerledes jul, men for en jul. Jeg opplevde at bygda vår samlet seg og var med å forme julegudstjenesten til det en julegudstjeneste skal være. Nær, varm og full av håp. Vi lever i annerledes tider, men vi møter den sammen. Som bygd, som familie, som venner og som kyrkje.



Oppheim kyrkje.
Foto: Heidi Hisdal

Dåp i Vangskyrkja

Sundag 6. desember 2020 stod denne flotte syriske familien til dåp i Vangskyrkja. Prost Arild Hellesøy stod for dåpen, og det vart ei fin og høgtideleg stund i kyrkja.

Dei døypte heiter Mario Abed Alhadi Aldabibi, Jon Abed

Alhadi Aldabibi Hala Abed Alhadi Aldabibi og Ala Ali Aldabibi.

Til lukke og velkomne i kyrkjelyden vår!

Foto: Arne Mosefinn



Ein redaktør takkar av...



Svein Tøsse og Arne Mosefinn utanfor Kyrkjetunet ein iskald januar-dag. Foto: Randi Kløve



Tommel opp frå den nye og den gamle redaktøren. Foto: Svein Tøsse.

Tekst: Randi Kløve

Kyrkjennytt og Arne Mosefinn har vore synonymt ei god stund no. Heile 20 år har han vore redaktør for kyrkjebladet vårt. Arne ville vel helst at me ikkje gjorde så mykje ut av det. Nokre ord frå Kyrkjeverje Svein Tøsse vart det likevel, saman med ein blomebukett, og nokre bileter med korona-venleg avstand.

Me håper å få til eit intervju med den tidlegare redaktøren av Kyrkjennytt før jol.

Takk, Arne!

Etterlysing av bilete - Vossestrand:

Til hausten skal det gjevast ut jubileumsbok for Oppheim og Vinje kyrkjer i samband med det doble 150-årsjubileet. Det vil verta ei bok med stor vekt på bilestoff om kva som har skjedd i Vossestrand prestegjeld dei siste 50 åra. Difor ber boknemnda strendingar og andre om hjelp til å finna bilete. Dette gjeld både ting i direkte samband med hendingar i kyrkjene, men også hendingar knytta til T-dagar, utflukter, dugnader, utearrangement og anna kyrkjelydsarbeid.

Til 100-årsjubileet i 1971 var det utgjeve ei grundig jubileumsbok. Svært mykje har hendt dei siste 50 åra. Dette vil det vera kjekt å dokumentera

for ettertida. Til dømes: Finns det gode bilete frå utegudstenesta julafta på fotballbana? Og frå biskop Nordhaug sin visitas i Vinje kyrkje hausten 2020?

Særleg manglar det bilete frå 1970- og 1980-talet. At det er svart-kvit-bilete, gjer ikkje noko. Viss ein har innlimt i fotoalbum, er det ikkje problem å få avfotografert slik.

Ver snill å ta kontakt, helst innan mai, med ein av oss i boknemnda Einar Midtun, Maria Hauge, Randi Giljarhus, Ivar Husdal, Bjarne Skjervheim og John Ove Thauale.

Susan måtte drikke vannet hun vasket klær i

For seksbarnsmoren Susan Miyambo (35) var rent vann kun en fjern drøm. Alt vannet hun trengte til mat, drikke og klesvask måtte hun hente i en skitten elv.

Tekst: Anette Torjusen

Vi er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i et område hvor flere tusen flyktninger fra Kongo har søkt tilflukt. Her bor Susan sammen med de seks barna sine i et lite hus med strå på taket.

Tunge kanner

Med høner som flakser rundt bena hennes, et barn på armen og et som holder i skjørtekanten, forteller hun om timelange gåturer for å hente vann før de fikk rent vann til landsbyen. «Mangel på vann ga oss mange helseproblemer. Elva var vår nærmeste vannkilde, og den var både skitten og full av bakterier. Vi var veldig ofte syke», forteller hun.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Flere timer måtte hun bruke for å hente rent vann. Det var det ikke alltid tid til med seks barn å ta seg av. Derfor ble vannet fra elva ofte den enkleste løsningen. Vannet hun vasket klær i, drakk, badet barna i og lagde mat med. Vannet hun delte med dyr og insekter. «Vi måtte gå store avstander for å komme til vannkilden, og det var vanskelig for familien min å få til det», forklarer hun.

Brønn som endret alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der de er mange på liten plass. Litt av plassen er satt av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaken, kassava, som smaker nesten som en potet. «Her ser du litt av inntekten min», smiler hun. For salg av både fisk og kassava gir ekstra penger til storfamilien. Hun peker på de fargerike vannkannene som står ved matlagingsplassen. «Nå trenger vi ikke lenger å gå langt for å hente vann. Takket være Kirkens Nødhjelp har vi fått rent vann i landsbyen. Det er vi takknemlige for».

Landsbyen, med sine 1753 innbyggere, er en av mange

landsbyer som har fått tilgang til vann av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 boret vi en brønn. Det er viktig for oss at hele landsbyen får eierskap til vannsystemet vi bygger. Derfor samarbeider vi tett med våre lokale partnere og vanningeniører.

Innbyggerne er med på tilrettelegging og velger en egen komite som vedlikeholder og har ansvar for vannforsyningen.

For Susan er det nå bare en kort tur bort til brønnen som er omringet av kanner klare til å fylles opp. «Nå kan jeg gi familien min rent vann. Det er jeg så glad for.»

Men selv om Susan ikke lenger er bekymret for å bli syk av skittent vann, har hun en annen stor bekymring. En bekymring hun deler med resten av verden: Covid-19. «Jeg er redd for å bli smittet når mange av oss er samlet, og jeg frykter for barnas og mitt liv. Covid-19 er virkelig og utgjør en fare for oss alle.»

Spesielt er hun bekymret for lange køer ved vannpumpa. For i landsbyen er det mange som setter pris på rent og trygt vann og etterspørselen er derfor stor.

«Min oppfordring er at det bores enda flere brønner for å møte etterspørselen, slik at enda flere får tilgang til rent vann og vi kan ha god avstand for å unngå smitte.»

Fasteaksjonen 2021:
22. mars: Evanger
23. mars: Voss, Raundalen,
Granvin, Vinje og Oppheim



Seksbarnsmoren Susan Miyambo trodde aldri at hun skulle få rent vann, men nå som hun har fått det kan hun bruke mer tid sammen med barna sine.



Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utenfor huset til seksbarnsmoren. Tilgang til rent vann har forandret livet hennes. Hun kan blant annet bruke mye mer tid på å dyrke kassava og mango.

Misjonsprosjektet



Nytt frå Etiopia

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Sinkinesh Garcho er ei 35 år gamal kvinne. Ho var heldig å få støtte frå onkelen sin då ho ville fortsetja skulegangen. Foreldra hennar hadde ikkje tru på det. Onkelen hadde sjølv måtta slutta tidleg på skulen. Der ho vaks opp, var det ei negativ haldning til at jenter skulle få utdanning. Dei fleste gjekk berre barneskulen. Tradisjonen var at jentene skulle gifta seg når dei vart tretten år gamle.

Sinkinesh var svært motivert for å få ei utdanning, serleg etter alle hindringane i oppveksten. Etter vidaregåande gjekk ho to år på bibelskule, så fekk ho praktisera det ho hadde lært i heimemenigheita. Ho fekk også lyst til å studera teologi og er byrja på masterstudiet i høgskulesenteret til Mekane-Yesus kyrkja i Addis Abeba. Dette vart mogeleg avdi Det Norske Misjonsselskap i samarbeid med Presteforeninga, har gitt ho eit stipend. Noko hjelp har ho også fått hjå foreldra, då dei hadde endra mening om skulegangen hennar.

I perioden 2020-2023 får ti kvinner stipend til masterstudium i teologi og leiing. Ordninga vert administrert av kvinndepartementet i kyrkja ved leiar Tadelech Loka.

Sinkinesh meiner det skal vera like mogeleg for kvinner som for menn å få ei utdanning. Ho meiner at undervisning og læring er den beste måten å gje kvinner sjølvrespekt, og også frigjera dei frå kulturelle fordomar. Ho er takksam for stipendet ho har fått. Håpet hennar er å også ta ein doktorgrad i framtida. Ho ynskjer å vera ein reidskap for å oppmuntra kvinner til teneste i kyrkje og samfunn.

Me må be om at kvinnene i Etiopia vert verdsett og får gå på skule, slik at dei får dei same mogelegheiter som menn.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Sundag 14. mars vert det misjonsgudsteneste i Vangskyrkja og samling etterpå. Omtale og kunngjering kjem i Hordaland på førehand.

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

f Trusopplæringa i Voss

T₃ / T₅ Voss, Raundalen, Granvin, Vinje og Oppheim

Å ha undretur for treåringar og jolekrybbeverkstad for femåringar i koronatid er utfordrande, men ikkje umogeleg. Treåringane fekk utdelt kvar sin "klistremerkebibel", jole-CD'en til barnekora på Voss, CD-mappe og aktivitetshefte med bileter og oppgåver frå si lokale kyrkje. Slik kunne dei undre seg over kyrkja, utan å fysisk vere til stades. Så håpar me at alle treåringane kjem inn i kyrkja ved seinare høve og får sjå og ta på alt det spanande som er der inne.

Femåringane fekk utdelt utstyr til å lage si eiga jolekrybbe heime. Me laga film til dei der me fortalde joleevangeliet og forklarte korleis jolekrybbeverkstaden i heimen kunne vera.



T₃



Sofie



Olav



Sigurd og Synva



Olava




Espen si julekrybbe



Sigrid



Joar og vetlesøster Hedda



Noel

T₃/T₄/T₅ På Bolstadøyri bedehus

Fyrste søndag i advent fekk me gjennomført T₃/T₄ og T₅ på Bolstadøyri innanfor gjeldande smittevernsreglar. Fireåringane fekk kvar sin barnebibel, treåringane fekk undretur og femåringane hadde julekrybbeverkstad. Alle deltok også på gudsteneste, og alle fekk helse på løva, vår nye maskot.



Foto: Anny Forthun

Jolefilm med Regnbogen Natur- og Kulturbarnehage



Før jol spelte me inn film der borna dramatiserte joleevangeliet. Filmen vart lagt ut på avisa Hordaland sine nettsider på jolaftan, til glede for borna i heile Voss.



Førpremiære i barnehagen

Barnehageendringar



Med mykje vask og spriting fekk me gjennomført sju barnehagevandringar. I Granvin er det førsteklasingane som får vandre gjennom joleevangeliet.



T11 Voss og Raundalen LYS VÅKEN

I år måtte me tenke nytt når det gjaldt Lys Vaken. Me laga til movienight i kinosalen, og viste filmen "The Star", ein animasjonsfilm der ein får vere med på den første jola gjennom dyra sin ståstad. Me hadde også litt Lys Vaken-opplegg.



Hei. Eg er den nye maskotten i trusopplæringa i heile Voss. Kanskje har du møtt meg? Eg kjem nok til å dukke opp både her og der, og det er veldig kjekt om du vil helse på. Eg er stort sett snill, men eg kan ikkje snakke. Derimot er eg god på å bevege meg. Kanskje forstår du kva eg meiner sjølv om eg ikkje lagar lyd?

MEN; eg har ikkje fått namn... Dette må alle born vere med å hjelpe meg med. Kva skal eg heite? Send gjerne inn forslag til kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik på 995 18 194, så set ho nok i gang ein konkurranse når ho har fått mange nok forslag.

Finn fem feil! Då dei kasta ut garnet der Jesus sa, fekk dei så mykje fisk at båten nesten sank! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Monica Bauleo)



Finn namn på 10 dyr!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 dyrenamn. Dei står frå venstre mot høgre, og nedover. Kan du finne alle?

O	L	V	I	P	O	L	V	I	R	A
K	Y	G	R	A	P	E	K	A	T	T
L	V	I	P	N	A	S	I	N	Å	J
A	F	L	O	D	H	E	S	T	T	S
T	R	Ø	N	A	U	L	E	I	T	O
R	E	V	N	L	N	U	B	L	Æ	M
O	K	E	I	U	D	X	R	O	P	O
P	A	N	K	I	D	R	A	P	I	R
I	B	K	A	N	I	N	T	E	P	O

Gje
barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta
frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.
Kva skjuler seg her?



Vitsar

Ein musunge titta
ut av museholet om
kvelden. Då fekk han sjå
ei flaggermus.

– Mamma! ropa musun-
gen. – Eg har sett ein
engel!

– Eg håpar det
ikkje blir regn i dag,
sa kengurumamma.
– Det er så travelt når
ungane leikar inne.

Minnelund på Tunshovden

Tekst og foto: Arne Mosefinn

Minnelunden på Tunshovden har no kome eit steg nærare fullføring. Minneveggane er komne på plass, saman med sitjebenkar. Alt dette er produsert av Tunge Ting. Det manglar enno noko av pyntinga. Dette må koma i vår, etter at snøen og telen er borte. Då vil det verta ei markering i samband med opninga.



Her vert eitt av elementa heist på plass.



Nokre av sitjebenkanane.



Minneveggen



Heile anlegget på plass.

I samtale med

Irene Skjervheim

Kva er bra med Voss – og kva kan bli betre?

Naturen, med alle dei turmogelegheitene det gjev. Klimaet er godt. Du har alt du treng på Voss, slepp til Bergen for å handla. Det ligg óg sentralt kommunikasjonsmessig. Så set eg stor pris på folket som bur her, særleg strendingane, som eg kjenner best.

Eldreomsorga er god, men eg ynskjer fleire alternativ som t.d. Sosialbygget, mellom sjukeheim og heimeomsorg, fordi mange eldre er einsame i heimen. Tilsette, og fellesrom knytt til omsorgsboligane kan gjere same nytten.

Kva er viktige verdiar for deg?

Fridom – fordi det gjev pusterom og armslag til å tru og tenkja og leva slik ein synes er best.

Kjærleik er viktig for meg. Det å oppleva seg elska, av Gud først og fremst. Men kanskje av eit menneske óg om ein er heldig. Å oppleva kjærleik frå Gud eller menneske kan endra alt i eit menneske sitt lit. Hat og sinne smeltar vekk. Eit elska menneske føler seg trygg og er mindre redd.

Og nåde. Fordi eg er impulsiv og gjer og seier mykje eg kan angra på. Då er det godt å bli møtt av eit menneske og ein Gud som viser nåde og er tilgjevande.



Fødd: 1957

Bustad: Holbygda

Familie: gift med Knut, 3 vaksne barn

Yrke: helsesekretær

Interesser: politikk, lesing, film, program på NRK2/P2 (samtaleprogram og dokumentar), strikking.

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i samfunnet?

Ei kyrkje som ikkje har forankring i Guds ord vil gjera seg sjølv

irrelevant. Det er mange som ikkje kjenner Gud i Noreg no, og difor vil reagere med motstand. Det må met ola. Eg vil gjerne ta fram 6. verset i Fedrelandssalmen, der det står:

«Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja. Vil Gud ikkje verja by og land, kan vaktmann oss ikkje tryggja».

Desse to linene, som om lag ordrett er sitat frå Salme 127 i Bibelen, er blitt veldig alvorlege for meg, fordi eg av bibelhistoria ser at Gud forlet det folket som vender seg frå han, med den konsekvens at samfunnet vert øydelagt. Så ei kyrkje med forankring i Guds ord er høgst relevant dersom ein ynskjer at samfunnet skal bestå som eit godt samfunn å leva i.

Kyrkja sitt oppdrag er å gjera Gud kjent for folket.

Kva betyr trua for deg?

Trua på Gud er basis for mi oppfatning av verda. Gud er min far, han elsker meg utan vilkår, han forstår meg, han er tolmodig og ventar på at eg skal koma attende til han om eg er på villspor. Han er min frelsar, og kjærleik frå han er grunnlaget for mi evne til å elska andre.

Kven vil du utfordra til samtale neste gong?

Eg utfordrar Anne Marit Dugstad.


Reparér og fiks skiene miljøvennleg

Før skisesongen startar – og kanskje midt i – må skiene preparerast. Vil du gjera det miljøvennleg, bør du bruka sikling.

Det er fleire måtar å preparera skiene på, alt frå glider til pulver. Men det har dukka opp eit meir miljøvennleg alternativ, nemleg stålsikling. Vanskegraden er noko større enn ved tradisjonell preparering, så av og til kan det vera lurt å kontakta ein profesjonell aktør som kan læra deg rett teknikk.

Kort fortalt går stålsikling ut på å skrapa av det turre/oksiderte belegget under skiene som kjem etter at dei har vore brukt ei tid. Du får då fram frisk polyetylen med glatt finish, noko som gjev gode glide-eigenskapar.

1. Fest skia i eit stabilt smørjestativ eller eit bord.



Stålsikling

Du bør ha godt lys når du arbeider.

2. Legg stålsiklen i 45 graders vinkel mot skia. Stålsikla skal dragast med ei heller rask rørsle frå skituppen og bakover, ca. halve skia i eitt drag. Flytt deg så til enden av skia og ta siste halvdel frå der du avslutta første draget. Gjer dette om att til skisålen er heilt plan. Kreftene dine skal brukast i lengderetninga på skia, altså skal du ikkje trykkja hardt ned mot sålen når du siklar.
3. Avslutt deretter med ca. 15-20 drag der du nyttar ei mjuk stål- eller bronsebørste som du også dreg frå tuppen av skia og bakover.

Henta frå boka «Folkets klimadugnad», Dinamo forlag 2017



Bronsebørste

 <p>VOSS SPAREBANK - skapar verdier for deg og lokalsamfunn</p> <p>www.vossabanken.no - 56 52 03 00</p>	 <p>myrkdalen.no</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar -</p> <p>Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor</p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  	<p>Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p><small>VIRKE</small> GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ</p> <p>Telefon 56 51 11 94 - Telefax 56 51 30 67</p>	 <p>Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing</p>
 <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>Voss Energi -rein vossakraft!</p>	<p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
 <p>JOKER GRANVIN Hardangervegen 5736 Granvin Tlf. 56 52 54 00</p> <p>- helt i nærheten</p> <p>Velkommen til en hyggelig handel</p>	 <p>Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyingar og oppussing - ta kontakt med:</p>  <p>Per Vinje - Tlf. 56 51 69 88 - 908 52 099</p>
<p>Nordhordland Begravelsesbyrå AS <small>VIRKE GRAVFERD</small></p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no</p> <p><i>Stort utvalg i blomster og gravminne!</i></p> <p>KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p>Me går saman med deg heile vegen</p>	 <p>Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96</p>	<p>Voss Bokhandel</p> <p>Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrlleggjar i sentrum</p> <p>Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken!</p> <p>Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p>  	<p>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS</p> <p>Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</p> <p>Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p>VOSS PRENTEVERK</p> <p>MARKNADSFØRING - VISUELL PROFIL - WEBDESIGN TRYKKSAKER - MERKEVAREBYGGING</p> <p>☎ 56 52 04 40 ✉ post@prenteverket.no</p>
<p>Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjentytt!</p>		<p>Anleggsgartner og trepleiar</p>  <p>GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no</p>
 <p>HMV Maskin EIK Senteret Voss</p>	 <p>Regnmattvegen 14 3705 Voss +47 56 52 91 30 hmvgruppa.no Vokst og Gøyming</p>	

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Vangskyrkja:

29.11 Oskar William Bryn Nedkvitne
29.11 Ada Rørlien Wigand
06.12 Mario Abed Alhadi Aldabibi
06.12 Jon Abed Alhadi Aldabibi
06.12 Hala Abed Alhadi Aldabibi
06.12 Ala Ali Aldabibi
06.12 Gabriel Svindland Alver

06.12 Kaia Garen
19.12 Noah Petterson Bjerkelund
19.12 Isabella Rikstad Klubben
30.12 Jonas Bondevik
10.01 Ida Skjærven
10.01 Amalie Rode Fatland
17.01 Hågen Bøe Bryn
17.01 Aksel Istad Bidne

GRAVLAGDE

Voss sokn:

06.11.2020 Anna Johanna Mossige, f. 1930, d. 26.10
06.11.2020 Solveig Pettersen, f. 1936, d. 28.10
11.11.2020 Gerd Bolstad, f. 1931, d. 29.10
11.11.2020 Gunnar Bryn, f. 1932, d. 01.11
12.11.2020 Gurid Pedersen, f. 1940, d. 04.11
12.11.2020 John Svoren, f. 1951, d. 04.11
17.11.2020 Jonas Hegg, f. 1941, d. 06.11
17.11.2020 Asle Skeie, f. 1945, d. 06.11
20.11.2020 Gunnar Knapstad, f. 1935, d. 08.11
27.11.2020 Arne Skahjem, f.1963, d. 15.11
01.12.2020 Albert Haga, f. 1934, d. 22.11
02.12.2020 Lars Lid, f. 1930, d. 22.11
02.12.2020 Leif Arnold Rundhaug, f. 1933, d. 26.11
03.12.2020 Gunn Haldis Jordalen, f. 1959, d. 29.11
09.12.2020 Jakob Elias Kallestad, f. 1941, d. 04.12
18.12.2020 Einar Martin Hansen, f. 1931, d. 09.12
29.12.2020 Marta Førde, f. 1921, d. 17.12
29.12.2020 Lina Saue, f. 1929, d. 18.12

05.01.2021 Richard Jerald Warren, f. 1940, d. 20.12
06.01.2021 Torhild Marie Merkesdal, f. 1957, d.
26.12
06.01.2021 Torstein Himle, f. 1944, d. 31.12
08.01.2021 Johanna Lunde, f. 1936, d. 27.12
08.01.2021 Sigurd Sleen, f. 1938, d. 29.12
15.01.2021 Anna Lydvo, f. 1936, d. 03.01
15.01.2021 Leif Draugsvoll, f. 1926, d. 07.01

Oppheim sokn:

13.11.2020 Ingebjørg Kvamme, f. 1927, d. 06.11

Vinje sokn:

04.12.2020 Astrid Hommedal, f. 1932, d. 28.11

Evanger og Bolstad sokn:

30.12.2020 Malvin Hernes, f. 1923, d. 21.12
01.12.2020 Ingeborg Akerlie, f. 1936, d. 20.11
06.01.2021 Berit Forthun, f. 1934, d. 24.12

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som



viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida **www.voss.kyrkja.no/dåp**

Gudstenesteliste

Vangskyrkja/Vonheim:

Det kan kome endringar i oppsett plan for gudstenester. Dette gjeld særleg i februar. Følg også med på preikelista i Hordaland, på nett og infotavle utanfor Vangskyrkja.

14.02. kl. 16.00 Kort familiegudsteneste kl 16.00 på plenen utanfor Kyrkjetunet. Sjå meir info i notis. Leksbø m.fl.

17.02. kl. 18.00 Askeonsdagsmesse med skriftemål, Vangskyrkja, Hove.

21.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd, Vangskyrkja, Hove.

28.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd, Vangskyrkja, Hove.

07.03 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd, Vangskyrkja, Hellesøy.

14.03 kl. 11.00 Misjons gudsteneste med nattverd, Vonheim, Hove.

21.03 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd, Vangskyrkja, Hove.

28.03 kl. 11.00 Jassmesse med nattverd, Vangskyrkja, Hellesøy.

Vinje kyrkje:

14.02 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

07.03 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

Oppheim kyrkje:

21.02 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

21.03 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

28.03 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

Jordalen kapell:

28.02 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

Raundalen kyrkje:

14.02 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

21.03 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

Mjølfjell kapell:

28.02 kl 11.00 Gudsteneste, Hellesøy.

Evanger kyrkje:

28.02 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, årsmøte etterpå, Bø.

28.03 kl 11.00 Familiegudsteneste med nattverd, Kvamsøe.

Boldstadøyri bedehus:

14.02 kl 17.00 Gudsteneste med nattverd, årsmøte etterpå, Hellesøy.

14.03 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Arvidsson.

14. februar er både morsdag, valentinsdagen og fastelavenssundag - me må feire! Me inviterer alle som vil til familiegudsteneste ute, framfor Kyrkjetunet (det gule bygget ved Vangskyrkja). Det er mogleg for både store og små å kle seg ut i god karneval-stil. Kanskje kjem det ei løve? Sjølve gudstenesta varer rundt 25 minutt. Etter gudstenesta blir det kaffi, saft, bålpanne og gratis pølser. Ei fin anledning til å helse på nokon nye. Treng du noko å sitje på, ver vennleg å ta med. Det er ein liten akebakke rett ved, godt eigna for rumpeakebrett. Velkomen!

Aktivitetsskalender

T-dagar:

8.feb: **T10** Kristuskransen for Voss og Raundalen sokn, utanfor Vangskyrkja.

10. feb: **T10** Kristuskransen for Oppheim og Vinje sokn, i Vinje kyrkje.

17. feb: **T10/T11** Kristuskransen for Evanger sokn, i Evanger kyrkje

5. mars: **T8** Tårnagentar for Oppheim og Vinje sokn, i Oppheim kyrkje

10. mars: **T8/T9** Tårnagentar for Granvin sokn, i Granvin kyrkje

15. mars: **T8** Tårnagentar for Voss og Raundalen sokn.

19. mars: **T7** Påskefest for Oppheim og Vinje sokn

21. mars: **T7** Påskefest for Voss og Raundalen sokn, i Vangskyrkja

21. mars: **T7** Påskefest for Granvin sokn i Granvin kyrkje

28. mars: **T7** Påskefest for Evanger sokn i Evanger kyrkje

Seniortreff i Vonheim:

16. feb kl 12.00 - 14.00 Kantor Astrid Gjestanvag - "Dugurdskvile med Prøysen".

9. mars kl 12.00 - 14.00 Fredrik A Graudo - tidlegare UD ambassadør. Song med folkemusikar Ellen Marie S Geithung.

Fasteaksjonen 2021:

22. mars: Evanger

23. mars: Voss, Raundalen, Granvin, Vinje og Oppheim

Vær merksam: Det kan kome endringar i alle planlagte aktivitetar grunna korona-pandemien. Føl med i avisa og på nettsida vår: **Voss.kyrkja.no**